



Sakshandsamar: Grete Hamre
Telefon: 57 64 31 41
E-post fmsfgrh@fylkesmannen.no

Vår dato
25.04.2016

Vår referanse
2016/868 – 542.1
Rapportnummer
2016.001.R.FMSF

Firda Sjøfarmer AS

Rapporten vert berre send som e-post

5970 Byrknesøy

Revisjonsrapport ved Firda Sjøfarmer AS - krav om retting av avvik – vedtak om gebyr

Rapporten omhandlar resultatane frå revisjonen i tida 12.-14. april 2016 som vart presentert for verksemda i sluttmøtet 14. april 2016. Rapporten må sjåast på som endeleg dersom vi ikkje innan to veker etter at rapporten er motteken, får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar.

Fylkesmannen avdekte 3 avvik, og ga 4 merknader under revisjonen. I korte trekk fann vi følgjande:

Avvik

1. Internkontrollen for det ytre miljø har manglar
2. Ikkje alt farleg avfall vert handtert i samsvar med krav
3. Det er ikkje gjort ei systematisk vurdering av substitusjon av kjemikal

Merknader

1. Medverknad
2. Mål
3. Organisasjon
4. Dokumentstyring

Avvika og merknadene er nærare omtalte i kapittel 7 og 8 i rapporten, og oppfølging etter revisjonen er omtalt i kapittel 4.

Rapporten inneheld også vedtak om kontrollgebyr. Dette er nærare omtalt i kapittel 5.

Skriftleg tilbakemelding må vere send til Fylkesmannen innan **25. mai 2016**.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Grete Hamre
revisjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift

Kopi av rapporten vert send til:
Firda Sjøfarmer AS v/Lars Hopland

1. Informasjon om verksemda:

Ansvarleg verksemd

Namn: Firda Sjøfarmer AS			Organisasjonsnr. 936 678 432	
Kontaktperson: Lars Hopland			Anleggsaktivitet: Produksjon av laksefisk i sjø	
Lokalitetsnamn	Anleggsnummer	Risikoklasse	Løyvedato	Løyvenr.
Bårøy	1411.0052.01	Ikkje klassif.	11.09.2006	2006.0048.T
Djupevika	1411.0041.01	Ikkje klassif.	04.12.1996	1996.0681.T
Elveneset	1413.0029.01	4	06.08.2012	2012.0414.T
Gråvika	1411.0039.02	4	02.05.2013	2013.0110.T
Hatlem Ø	1413.0014.01	Ikkje klassif.	26.10.2007	
Hyseneset	1411.0094.01	4	23.06.2014	2014.0365.T
Kjerringneset	1411.0042.01	4	25.02.2010	2010.0329.T
Kuøyna	1411.0081.01	4	25.01.2012	2012.0118.T
Leiholmane	1411.0059.01	4	21.02.2011	2011.0066.T
Lyngholmen	1411.0055.01	4	17.01.2012	2012.0016.T
Mjånes	1411.0036.01	4	29.09.2006	2006.0286.T
Skorpa	1411.0051.01	Ikkje klassif.	29.09.1997	1997.0505.T
Storeneset	1411.0043.01	Ikkje klassif.	14.08.2008	2008.0456.T
Storlia	1413.0012.01	Ikkje klassif.	16.01.2008	
Trellevika	1428.0021.01	Ikkje klassif.	22.07.2004	2004.0209.T
Vatnøy	1411.0050.01	Ikkje klassif.	28.07.2006	
<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert		<input type="checkbox"/> EMAS-registrert		Gebyrsats etter § 39-8 i ureiningsforskrifta: 3

2. Bakgrunn for revisjonen

Føremålet med revisjonen er å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved Firda Sjøfarmer AS fungerer tilfredsstillande. Hovudtema ved denne revisjonen var:

- Status for verksemda sin internkontroll og korleis han vert utøvd
- Målsetjingar for ytre miljø
- Organisasjon, ansvar og mynde
- Risikovurderingar og handlingsplanar for å redusere risiko
- Interne gjennomgangar
- Dokumentstyring
- Avvikshandtering
- Løyve med vilkår / miljøundersøkingar
- Avfallshandtering og handtering av farleg avfall
- Substitusjonsplikt og handtering av kjemikal

3. Gjennomføring av revisjonen

Revisjonen vart gjennomført ved å:

- Granske dokument, både førehandstilsende og dokument som vart lagde fram under revisjonen
- Intervjue personar som er sentralt plasserte i organisasjonen
- Verifisere (ved stikkprøvekontroll) at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis
- Besøke lokalitetane Bårøy og Storeneset

Vi har mellom anna undersøkt om:

- Verksemda sitt dokumenterte system for internkontroll (IK-system) som gjeld ytre miljø, er føremålstenleg og dekkande for å sikre at krav innan HMS.lovgivinga vert tilfredsstilte

- Verksemda har utført risikovurdering som gjeld ytre miljø og om analysen vert følgd opp med konkrete tiltak og handlingsplanar
- Aktivitetar vert utførde som omtalte og uttalte
- Verksemda når måla sine og driv innanfor både eigne rammer og krav i lovverk eller dokument frå Fylkesmannen

Rapporten omtalar nærare dei betringspunkta som vart avdekka under revisjonen. Vi har nytta omgrepa *avvik*, *merknad* og *andre tilhøve* om funna vi har gjort. Dei er definert slik:

Avvik: Brot på krav som er fastsette i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiksløvgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsløppsløyve med nærare vilkår for drifta/aktivitetane, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)

Merknad: Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtalte som merknader. Merknader kan gi grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under revisjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og Fylkesmannen å merke seg. Dette kan vere tema som vart tatt opp, men som det ikkje er knytt avvik eller merknad til.

Tilsynsstyresmaktene etter internkontrollforskrifta (dei såkalla HMS-etatane) har ei sams forståing for definisjonane på desse omgrepa, og dei vert nytta i all tilbakemelding som gjeld helse-, miljø- og tryggleikstema til verksemda.

Rapporten er ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

4. Oppfølging etter kontrollen

Frist for tilbakemelding

Firda Sjøfarmer AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i rapporten så snart som råd. For at vi skal kunne avslutte revisjonen, må verksemda melde skriftleg tilbake til Fylkesmannen kva tiltak som er sette i verk, eller som er planlagde for å kunne lukke avvika innan ein gitt frist. Tilbakemeldingsfristen er sett til **25. mai 2016**.

Vi ber om at verksemda legg ved dokumentasjon på tiltak som er gjennomførde, og ein tidsplan for vidare arbeid med retting av dei punkta som står att når fristen for tilbakemelding går ut. Dokumentasjonen kan t.d. omfatte bilete av fysiske endringar og kopi av relevante dokument. Vi ber også om ei tilbakemelding på dei tilhøva som er omtalte som merknader i rapporten.

Orientering om tvangsmulkt

Dersom verksemda ikkje kan dokumentere at de har sett i verk tiltak for å rette opp dei omtalte avvika innan tidsfristen, kan Fylkesmannen varsle tvangsmulkt til staten saman med ny frist for å gjennomføre naudsynte tiltak. Vi ønskjer å unngå å måtte drive inn tvangsmulkt.

5. Vedtak om gebyr for revisjonen

Firda Sjøfarmer AS er ved denne revisjonen plassert i gebyrsats 3 etter § 39-8 i ureiningsforskrifta, jf. varsel datert 29.02.2016. Det vil seie at verksemda må betale kr. **86.900** i gebyr for kontrollen som er gjennomført. Faktura for innbetaling til statskassa vert send frå Miljødirektoratet.

Storleiken på gebyret kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og vere adressert til klageorganet, men han må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil då anten vurdere endring av storleiken, eller sende saka vidare

til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad. Gebyret som er fastsett ovanfor, må betalast inn sjølv om klagen ikkje er endeleg avgjort innan forfall av faktura. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt gebyr bli refundert.

6. Orientering om regelverket

6.1. Offentlegheit i forvaltninga

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentleglova.

6.2. Oversikt over ureiningsregelverket

De kan finne oversikt over ureiningslovverket på www.lovdata.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn de på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om innkrevjing av gebyr finn de i kap. 39 i ureiningsforskrifta.

7. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 Internkontrollen for det ytre miljø har manglar

Avvik frå: *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta, IK-forskrifta) § 5, 2. ledd, punkt 1, 6, 7 og 8*

Kommentarar:

Vi vil peike på følgjande avvik frå krava:

1a – Regelverk/krav

Regelverk og kor ein finn særleg viktige krav knytt til ytre miljø kjem ikkje fram av internkontrollen sine oversikter over lover og forskrifter, jf. IK-forskrifta § 5, 2. ledd pkt. 1:

- I IK-AKVA-dokumenta, i kapittelet om lover, forskrifter og standardar, er ureiningslova nemnt, men ikkje t.d. utsløppsløyvet, avfallsforskrifta og produktkontrolllova.
- I IK-AKVA-dokumenta, i kapittelet om risikokartlegging, pkt. 4 – miljø, er det på dei fleste risikomomenta ikkje vist til relevante delar av ureiningsregelverket og utsløppsløyvet mht. kva for regelverk ein risikerer å bryte.

1b – Risikovurdering

Det systematiske arbeidet med kartlegging av farar og problem, risikovurderingar og handlingsplanar for redusert risiko for ytre miljø har manglar, jf. IK-forskrifta § 5, 2. ledd pkt. 6:

- I IK-AKVA-dokumenta, i kapittelet om risikokartlegging, pkt. 4 – miljø, manglar det forklaring på graderinga 1-3 som de bruker for sannsynlegheit og konsekvens. Det vil seie kva som skal til for å utgjere ein «liten», «middels» og «stor» sannsynlegheit, og kva de reknar som «liten/ingen», «kortvarig» og «langvarig» konsekvens for det ytre miljøet.
- I IK-AKVA-dokumenta, i kapittelet om risikokartlegging, pkt. 4 – miljø, viser de ikkje korleis de vurderer sannsynlegheits-, konsekvens- og risikonivået for dei ulike risikoområda per i dag, med dei tiltaka de har gjort. Utan tiltak er det seks risikoområde (sju med rømming) som er vurdert til å ha stor risiko for ytre miljø. For alle seks er det konkludert med at

risikoen per i dag er tilstrekkeleg handtert gjennom tiltak. Det er ikkje vist om det er oppnådd reduksjon av sannsynlegheit eller konsekvens (eller begge), og kor mykje den samla risikoen er redusert.

- Det er enkelte tema som ikkje er risikovurdert. Dette gjeld t.d. dieseltanken på basen på Grima (6000 l, risiko for påkjørsel?) og spyleavfall/groe som vert hatt saman med daudfisk i ensilasjen (farleg avfall? risiko for spreiding av koparureining via ensilasjen?). Det er heller ikkje gjort ei systematisk risikovurdering av kjemikaliane som vert brukt (som grunnlag for substitusjonsvurderingar, sjå avvik 3).

1c - Avvikshandtering

Avvikssystemet fungerer for dårleg til å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav, jf. IK-forskrifta § 5, 2. ledd pkt.7:

- Verksemda har rutinar for og omtale av korleis avvik skal handterast, men desse er lite detaljerte og dei er spreidde i IK-AKVA og IK-HMS-systema og i prosedyresamlinga. Det er ikkje sagt kva slags hendingar som skal meldast inn som avvik, ut over at det som kjem fram av avvik på sjekklistene ikkje treng meldast. Dersom ein finn avvik utanom sjekklistene, skal avviksskjema fyllast ut. Avvik vert ofte lukka/reparert på staden utan at det vert skrive avviksmelding. Det vert jamt over skrive få avvik. Under revisjonen vart det opplyst at verksemda arbeider med å betre avvikshandteringa m.a. ved å finne måtar som skal gjere det lettare for tilsette å rapportere avvik. Det vert også vurdert andre typar avvikssystem.

1d – Systematisk gjennomgang

Verksemda har manglar ved systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollsystemet, jf. IK-forskrifta § 5, 2. ledd pkt. 8:

- Det vert årleg gjennomført gjennomgang av IK-AKVA for kvar avdeling, der de m.a. oppdaterer detaljar i målsetningar, risikovurderingar og prosedyrar. Den overordna overvakinga av korleis det samla IK-arbeidet i selskapet fungerer, har likevel nokre manglar. T.d. vert ikkje måloppnåinga for dei overordna miljømåla evaluert.
- Verksemda har nokre manglar ved omtalen av korleis IK-systemet vert gjennomgått og korleis gjennomgangen faktisk vert gjennomført. Omtalen av gjennomgangen er oppstykket og vert omtalt fleire stader i IK-systema, og i prosedyresamlinga. I følgje prosedyren for *internkontroll* i prosedyresamlinga skal det kontrollerast at ein har gjeldande forskrifter og standardar, det skal nyttast ulike sjekklister for IK-AKVA og IK-HMS og dokumentasjonen skal gjennomgåast for å sjå om han stemmer med praksis. Alle endringar skal dokumenterast med dato og godkjennast. Prosedyren seier også at det skal arrangerast årlege IK-møte med alle tilsette, der dei skal få informasjon om oppdateringar av IK-systema.
Verksemda har hatt ei samling for alle tilsette i januar, og ein første «ledelsens gjennomgang» av internkontrollen like før revisjonen. Det er førebels ikkje vist skriftleg korleis verksemda jobbar med den overordna systematiske overvakinga av internkontrollsystemet. Noko dokumentasjon vil bli ettersendt¹.

¹ Fylkesmannen har ikkje motteke meir informasjon om dette etter sluttmøtet

Avvik 2 Ikkje alt farleg avfall vert handtert i samsvar med krav

Avvik frå: *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) §§ 11-5, 11-8 og 11-12 og forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta, IK-forskrifta) § 5, 2. ledd, punkt 7.*

Kommentarar:

Farleg avfall skal leverast årleg (når total mengd farleg avfall er meir enn 1 kg) og ikkje kastast i restavfallet eller blandast med andre farleg avfall-fraksjonar. Farleg avfall skal kunne sporast frå avfallsprodusent til sluttbehandling. Avfallsforskrifta har krav om at deklarasjonsskjema skal fyllast ut ved levering, som dokumentasjon på type og mengde farleg avfall levert, og følgje avfallet vidare til sluttbehandling. Som avfallsprodusentar er de ansvarlege for at deklarasjonsskjemaet er riktig utfyllt og vert brukt for alt farleg avfall.

- På synfaringa på basen på Grima og på anlegget på Bårøy observerte vi nokre sprayboksar i bruk. De kan ikkje dokumentere rett levering av sprayboksar som farleg avfall, i form av deklarasjonsskjema. Vi kan heller ikkje finne at det er registrert deklarasjon av sprayboksar frå dykk dei siste åra. Sjølv om de ikkje har store mengder sprayboksar, er det viktig at dei vert handtert etter regelverket for farleg avfall når dei er tomme.
- I prosedyren for handtering av avfall i prosedyresamlinga dykkar, er ikkje sprayboksar nemnt blant eksempla på farleg avfall. For å sikre rett handtering, bør de gjere det.

Avvik 3 Det er ikkje gjort ei systematisk vurdering av substitusjon av kjemikaliar

Avvik frå: *Avvik frå: Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) § 3a.*

Kommentarar:

Verksemder som nyttar kjemikaliar som har ein risiko for helse og/eller miljø, skal vurdere om det finst alternativ som gjev mindre slik risiko, og om ein kan bytte til det (substitusjon) utan urimeleg kostnad eller ulempe. Vurderingane skal vere dokumenterte skriftleg.

- De kan vise til fleire eksempel på vurderingar og utskiftingar som er utført eller undervegs, t.d. av landstrøm til anlegga som erstatning for dieselaggregat, prosjekt for å erstatte avlusing med kjemikaliar og legemiddel med ikkje-medikamentelle metodar, og meir miljøvenleg olje og vaskekjemikaliar. Ingen av dei vurderingane de har gjort, er dokumentert skriftleg i internkontrollen.
- I prosedyren *vurdering og substituering av kjemikaliar* står det at «driftsleder og lokalitetsansvarlige skal sørge for at det kun blir brukt kjemikalier som har vært gjennom en substitueringsprosess, enten internt eller eksternt». De har ikkje risikovurdert alle kjemikalia de bruker med tanke på mogleg utskifting til mindre miljøskadelege alternativ.

8. Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

Merknad 1 Medverknad

Kommentarar:

Tilsette ute på lokalitetane er i liten grad med på kartleggingar og risikovurderingar, og det kjem få tilbakemeldingar frå dei som kan vere med å redusere risiko og betre HMS-arbeidet. For å få eit meir levande HMS-system, er det viktig at dei som utfører arbeidsoppgåver knytte til arbeidet på basane og på lokalitetane der uønskte hendingar kan oppstå, bidreg med si erfaring.

Merknad 2 Mål

Kommentarar:

Verksemnda har sett seg mange mål knytte til IK og ytre miljø. Det er fastsett både overordna mål og mål som er spesifikke for kvar lokalitet (t.d. fórfaktor og miljøtilstand). Ut frå dokumentasjonen ser vi at dei lokalitetsspesifikke måla vert evaluerte og oppfølgde. Dei overordna måla er jamt over lite konkrete, dei vert meir som visjonar enn mål, og det kan vere vanskeleg å synleggjere den samla prestasjonen til verksemnda. Slike uklære mål vil i tillegg vere vanskeleg å evaluere og følgje opp. De bør difor prøve å utarbeide SMARTE mål (**S**pesifikke, **M**ålbare, **A**ksepterte, **R**elevante, **T**idsbestemte og **E**tterprøvbare). Under revisjonen har det også kome fram at verksemnda har klære mål som ikkje er nemnde i IK-systema. Dette gjeld spesielt mål om overgang frå bruk av dieselaggregat til landstraum ved alle lokalitetane, og mål om å nytte varmebehandling under avlusing av fisken i staden for kjemikal.

Merknad 3 Organisasjon

Kommentarar:

Verksemnda har utarbeidd organisasjonskart og oversikt over alle tilsette. Det er omtalt korleis rapportering føregår mellom dei ulike nivåa, men det er ikkje fastsett kven som er stadfortredarar for dei ulike funksjonane. Verksemnda har utarbeidd stillingsinstruksar for sentrale funksjonar, men dette er ikkje gjort for driftssjef. I avsnittet om organisering og ansvar i IK-HMS (s. 4) står det at «daglig leder» har ansvar for at lover og forskrifter er oppdaterte. Vi kan ikkje finne at denne funksjonen er omtalt i organisasjonskartet eller under avsnittet «Ansvarsfordeling» i IK-Akva. Det er ikkje laga oversikt over kva ansvarsområde dei ulike funksjonane har mht. internkontroll, dette er omtalt i kvar enkelt prosedyre. I IK-systema er det heller ikkje omtalt kva myndigheit dei ulike funksjonane har.

Merknad 4 Dokumentstyring

Kommentarar:

Prosedyrane og rutinane i IK-HMS, IK-AKVA og prosedyresamlinga for internkontroll er samla i tre store Word-dokument (13-36 sider) som kvar har eitt versjonsnummer og ein dato. Den enkelte prosedyre/rutine har ikkje eigen ID/ eige nr, og det er difor ikkje lett å referere til dei. Oppdatering av dokumenta er også litt tungvint sidan heile innhaldet må skrivast ut / lagrast på nytt med nytt versjonsnummer og ny dato sjølv ved små endringar. De kan vurdere om dokumentasjonen for IK-AKVA, IK-HMS og prosedyresamlinga kan dekkjast av eitt felles system, men splitta i enkeltokument med eintydig dokumentidentitet.

9. Andre tilhøve

Fylkesmannen sit att med eit inntrykk av at Firda Sjøfarmer AS gjer mykje bra systematisk forbetningsarbeid. Vi vil spesielt framheve:

- De har eit levande internkontrollsystem og har arbeider stadig for at systemet skal bli endå betre, særleg innanfor avvikshandsaming.
- Prosedyrane de arbeider etter er konkrete og lette å forstå.
- De har god kontroll på korleis de handterer kjemikal og lagrar farleg avfall
- De arbeider med å finne nye metodar for å kunne redusere mengd kjemikal brukt til avlusing.
- Arbeid med å ta i bruk landstraum på lokalitetane i staden for å nytte dieselaggregat, Dette vil redusere faren for utslepp av diesel.
- Arbeid med å etablere sentral overvaking av foringsautomatane ved hjelp av videokamera

10. Informasjon til verksemda

I tillegg til gjennomføring av kontrollen, vart det gitt informasjon om

- Hovudprinsippa i ureiningslova, om avfallshandtering og dokumentasjonsbehovet for internkontrollen
- Viktige nettstader og faktaark og rettleiarar frå Miljødirektoratet – t.d. om elektronisk deklarerer av farleg avfall, sjå www.avfallsdeklarerer.no og http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Avfall/Farlig_avfall/Avfallsdeklarerer--elektronisk-deklarerer-av-farlig-avfall-og-radioaktivt-avfall/
- Avfallsforskrifta kap. 11 om farleg avfall
- Ureiningsforskrifta kap.1 i samband med ev. nedgraving / innstøyping av dieseltank ved basen på Grima.

Vedlegg:

1. Dokumentunderlag for kontrollen
2. Gjennomføring av revisjon
3. Deltakarar ved revisjonen

Vedlegg 1 - Dokumentunderlag for kontrollen:

A. Lovgrunnlaget

1. Ureiningslova (lov 13.3.1981 om vern mot forurensninger og om avfall). Særleg viktige reglar er § 7 om plikt til å unngå ureining og tiltakspunkt dersom ureining oppstår, § 20 om tiltak ved driftsstans, § 28 om forbodet mot forsøpling, § 32 om plikt til å levere næringsavfall til godkjent mottak og kap. 6 om akutt ureining. Merk også at brot på ureiningslova er straffbart etter reglane i §§ 78 og 79.
2. Produktkontrolllova (lov av 11.06.1976 nr. 79 om kontroll med produkter og forbrukertjenester. Særleg viktig er § 3a som gjeld substitusjonsplikta
3. Ureiningsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 931 om begrensning av forurensning). Særleg viktige reglar er kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter ureiningslova
4. Avfallsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall). Særleg viktige reglar er kapittel 11 (om farleg avfall)
5. Internkontrollforskrifta (forskrift 6.12.96 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter), med vekt på ytre miljø
6. Gjeldande utleppsløyve frå Fylkesmannen for dei ulike lokalitetane

B. Liste over dokument som Fylkesmannen har granska og som var med å gi grunnlag for våre konklusjonar (Fylkesmannen har normalt ikkje kopi av desse dokumenta etter at revisjonen er avslutta)

1. Eigen internkontrolldokumentasjon (IK-HMS, IK-Akva for avdeling Indre Gulen, Ytre Gulen og Hyllestad)
 - Oversikt over lover og forskrifter knytte til ytre miljø
 - Oversyn over mål
 - Oversyn over organisasjonen; ansvarstilhøve, oppgåver og myndigheit i høve til HMS, stillingsinstruksar.
 - Opplæring og kompetanse
 - Lokalitetsdata
 - Risikovurdering ytre miljø
 - Handlingsplanar innan IK-HMS og IK-Akva
2. Prosedyresamling internkontroll
3. Stillingsinstruks driftsleder
4. Opplæringsplan – Ferievikar - Røktar
5. Avviksrapportar og eiga oppfølging
6. Deklarasjonsskjema farleg avfall
7. Verksemda sitt stoffkartotek
8. Rutinar for handtering av kjemikal og dokumentasjon på vurderingar gjort i høve til substitusjon (av helse- og miljøfarlege kjemikal)
9. Rapportar frå miljøundersøkingar ved lokalitetane (MOM-C-undersøkingar)

Vedlegg 2 – Gjennomføring av revisjon

Revisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Varsling av revisjon den 29. 02.2016

Innhenting av dokumentasjon

Opningsmøte den 12.04.2016

Fylkesmannen orienterte om føremål med, omfang av og metodar for gjennomføring av revisjonen. Sentrale omgrep vart definerte og hovudkrava i internkontrollforskrifta vart gjennomgått.

Verksemda informerte om eigen organisasjon.

7 personar deltok på opningsmøtet,

Intervju og verifikasjonar i tida 12.-13.2016

3 personar / 5 funksjonar vart intervjuet.

Det var synfaring til lokalitetane Storeneset og Bårøy.

I vedlegg 3 er det gitt oversikt over deltakarane ved revisjonen.

Verifikasjon/stikkprøver i samband med revisjonen

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske forhold:

- Opplæringsplan for ferievikar / røktar
- Stillingsinstruks for driftsleiar
- Deklarasjonsskjema levert farleg avfall
- Interne avviksmeldingar
- Bilete

Sluttmøte den 14.04.2016

Avvik og merknader vart gjennomgått. Det vart semje om teksten som er identisk med kapittel 7 og 8 i denne rapporten.

Det kom ikkje merknader til at innhaldet i rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg.

6 personar deltok på sluttmøtet.

PowerPoint-presentasjonane som vart nytta under opningsmøtet og sluttmøtet, er sende til verksemda.

Vedlegg 3 - Deltakarar ved revisjonen

I tabellen under er det gitt ei oversikt over dei personane i verksemda som deltok under, opningsmøte og sluttmøte, og som vart intervjuet. Personane er anonymiserte til arbeidstittel/funksjon

Arbeidstittel / funksjon	Opningsmøte	Intervju	Slutt-møte
Adm. dir.	x		x
Driftssjef / driftsleiar Indre Gulen	x	x	x
Driftsleiar Ytre Gulen / verneombod	x	x	x
IK-HMS-ansvarleg	x	x	x
Fiskehelsebiolog / fiskehelse	x		x
Økonomisjef	x		x
Prosjektansvarleg	x		

Revisjonsgruppa:

Frå FMVA deltok: Grete Hamre, revisjonsleiar og Gunn Helen Henne revisor